Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste til nr 36. Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Erfjord.

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik. Gard:

(adresse): Vik i Erfjord. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refse folk på.

Folk hugsar ikkje at ein slo figurar, ringar eller spiralar i graset til den som somla eller slarva med å slå. Heller ikkje at ein skar ein holme i åkeren eller at ein sette opp halm figurar til den som var sein med skuren.
2. Ein hugsar ikkje at ein riste pålar og stakkar langs veggen og ved dörer til karar som var ute etter midnatt skjertorsdagen, langfredagen eller andre bestemte netter.
3. Har ikkje höyrt om julskåka her. Heller ikkje at ein for rundt julanatti og riste folk på senga. Ein hugsar heller ikkje noko liknande her.
B. Det har ikkje vore vanlegt her at ein sette utnemne på folk for på den

8493

4.

måten å refsa dei.
4. Folk sku ikkje gå til andre fyrste jeledag; men ein har ikkje noko utnemne på dei som gjer det.
5. For sa ein om den som ikkje fekk noko nytt klesplagg julaftå, at han bar verahodne. Men alle sku ha noko nytt julaftå. ingen sko bera verahodne.
6. Ein hugsar ikkje andre utnamn på folk som forsømte noko tradisjonelt påbud eller ikkje oppmådde det han skulde.

Det har vore vis her at ein har droge opp båtane til ungdomstane, serlegst då til rundt om friarar. og til slike som ein tykjer ber seg usømelegt åt.
Det er helst ungdomen som dreg båtane opp på haugar eller på andre sjålege stader. Når so friaren kjem og skal i båten er denne burte. og han flyt då koma seg heim best han kan. båten vart då ståande i syne for alle folk dagen etter.
Ein er jamt godt mannskap når ein tek båtane, og stundom kan det vera heller langt ein dreg dei.
Er utegguten komen i hus har det hendt at ein har droge eller bore båten opp til huset og sett han frå seg der. Dette kan kanokje vera ein mate å refsa på. Denne skikken er gamal og han er i bruk enno.

8493
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING